


Årsmelding for Giske Rotaryklubb

2013-2014

Styret si samansetting har vore:

President:	Marit Vik
Sekretær:	Ludvig Kåre Øien
Kasserar:	Gunnar Kvalsund
Past president:	Hans Olav Gjendem
Innkomande president:	Oddvin Remme
Styremedlem:	Margrethe Høybakk – 1 år



Komitéar:

Program <i>Børre Rydningen – leiar</i> Olger Arne Synnes Kjell Asle Synes Arnt Dahle Lars Gjørsvik Fred Loe Ole Strand Marit Vik	Kameratskap (fest) / medlemskap <i>Hans Olav Gjendem – leiar</i> Margrethe G. Høybakk (seremonimester) Ninni Rolland Nordstrand Kjellaug R. Liset Oddvin Remme (medlemskap) Kjetil Molnes Andreas O. Rørvik
TRF / ungdom <i>Inger Marie Seth – leiar</i> Hans Oksnes Thorvald Skogheim Svein Kobbenes Elisabeth Sundgot Severin Haugen Georg Pantelatos	Service / prosjekt <i>Egil Synnes –leiar</i> Sverre Ola Roald Kårstein Synes Einar Gjendem Erling Gullbekkhei Rolf Synnes Kari Løken
PR / informasjon Gunnar Kvalsund Ludvig Kåre Øyen	

Styret har hatt fire styremøte dette rotaryåret , klubbens årsmøte og eit ekstra årsmøte for å få på plass styret for 2014-2015.

Klubben hadde guvernørbesøk av distriktsguvernør Roy Heine Olsen 19.09.2013

Ved rotaryåret sin start hadde klubben 34 medlemmar, av desse er 7 kvinner.

Medlemmar

Målsettinga var å auke medlemstalet med 2 nye medlemmar, men dette gjekk dessverre ikkje. I staden var det fleire som av ymse grunnar valde å slutte i klubben.

Einar Gjendem, Jan Børre Rydningen, Erling Gullbekkhei og Knut Asle Synes slutta i klubben etter langt og kortare medlemskap.

Komitéarbeid

Det har vore eit godt og tradisjonelt arbeid i komitéane også dette året. Utfordringa var programkomitéen, då det etter kvart viste seg nødvendig å skifte leiar. Olger Arne Synnes gjekk inn som leiar på nyåret, og etter dette fungerte også programarbeidet godt.

The David School

Giske Rotary støttar framleis arbeidet med The David School i Sierra Leone og har dette rotaryåret vedteke å støtte ein lærarskulestudent ved denne skulen.

John Stennes og Kjell Høydal var på klubbeseøk 10. april for å orientere klubben om dette prosjektet og utdanning av lærarar til skulen.

Aktivitetar

Tradisjonelle aktivitetar og festar:

- Oppstart av rotaryåret ved Rotaryskiva på Signalen.
- Julemiddag på Fole gøtt på Ytterland
- Juleavslutning heime hos Kari og Gunnar på Gjørund med besøk av president i Ålesund RK, Svend Klemmetsby. Styret valde å ikkje legge juleavslutninga til Søndagsskulehuset på Roald slik det har vore gjort dei siste 4-5 åra, då ein gjerne ville prøve noko nytt. Tilbakemeldingane på dette var frå dei fleste svært positive.
- Planlagt torskemiddag på PSS Catering vart avlyst, og vi gjekk saman med Ålesund Øst Rotaryklubb om eit felles arrangement på Kulinarisk Spiskammer i Ålesund.
- Sommarfesten vart i år, som i fjor, arrangert hos Hans Petter Godø på Fløteløa. God oppslutning, godt vertskap og gode lokale.

Dugnader

- 29.08: Oppgradering av turstien til seglmerket på Brimneset 29. august der Fred og Egil fekk Nord Helikopter til å frakte ut ni lange bruer skrudd saman av Egil og Kårstein.
- To dugnader på Søndagsskulehuset på Roald.

Utflukter/bedriftsbesøk

- 07.09: Tur til Tafjord med omvisning på kraftstasjonen. Felles lunsj i det fri og middag på Fjellro i Valldal.
- 17.10: Giske Rotaryklubb heldt felles arrangement for alle Rotaryklubbane i distriktet på Ocean Sound Recording sitt studio på Giske. Dette vart et vellukka møte, og klubben har fått mange positive tilbakemeldingar frå gjestane, som såg ut til å trivast godt denne kvelden. Vi gjekk også i studio og spelte inn Rotarysongen.
- 27.02: Besøk til operasjonssentralen ved Sunnmøre politidistrikt
- 26.06: Tur til Budafjellet med orientering om Festung Roald ved Severin Haugen.



Gjestar/foredrag på klubbmøte

- Kjellaug Liset: Sjukepleiefag gjennom 50 år
- Hildegunn Solberg Nes: Kåseri om dikteren Jan Magnus Bruheim
- Olger Arne Synnes: Erkna – ei magisk øy i havgapet
- Elisabeth Sundgot: Ego-foredrag
- Geir Sakseid: Egypt – vårt andre heimland
- Trond Lervik: Presentasjon av Ålesund Kunnskapspark
- Arve Toven og Lars Gjørsvik: Ny skipsleider for verdensmarkedet – North West Coast AS
- Svend Klemetsby: Kåseri om julefeiringa
- Ivar Isene: Historier frå eige liv og menneske han har møtt
- Karen Sofie Synes, Giske Rotaryklubb sin deltakar på årets RYLA
- Ludvig Kåre Øyen: Living in New Orleans
- Ernst Valderhaug: Frivilligsentralen – aktivitetar og planar
- Oddvin Remme: Frå grendestyre til høvdingsete – med debatt om kommunereformen.
- Severin Haugen: Endringar i språket dei siste 70 åra
- Lars Gjørsvik: Ny automatisert og robotisert industrifabrikk
- John Stennes og Kjell Høydal: The David School i Sierra Leone
- Arnt Dahle: Innovasjon og konkurransekraft
- Severin Haugen: Grunnlovsjubiléet – Noreg 1814



Klubbmøte elles

Klubbmøte har vore halde ved seglmerket på Brimneset og på sletta ved Skjonghellaren. Sju gongar presidentens kveld.

Andre viktige datoar

28.-29.09.2013: Distriktskonferanse på Hamar. President Marit Vik, innkomande president Oddvin Remme og leiar for TRF ungdom, Inger Marie Seth representerte klubben her.

15.03.2014: PrePets på Vestnes. Klubben var representert ved innkomande president Oddvin Remme, Kjetil Molnes og sekretær Ludvig Kåre Øyen

29.-30.03.2014: PETS på Hafjell – innkomande president Oddvin Remme og sekretær Ludvig Kåre Øyen deltok.

Utnemning av Paul Harris Fellow

Klubben hadde glede av å dele ut to Paul Harris-prisar på sommaravslutninga. Kåre Sæther for sitt fantastiske arbeid med idretten og sine mange år som leiar for IL Valder, og Ludvig Kåre Øyen for sitt store arbeid og engasjement i Giske Rotaryklubb.

Valderøya, 3. desember 2014

Marit Vik

president 2013-2014, Giske Rotaryklubb